

INNTAKSREGLEMENT FOR TRYGGHEIM STRAND

Inntak av elevar

Skulen er open for alle som har rett til inntak i offentleg skule.

1. Søknadsfrist til komande skuleår er 1. desember. Søknaden skal sendast elektronisk. Søknadsfristen er ikkje endeleg. Ved ledig kapasitet vil skulen praktisere løpande inntak.
2. Styret fastset skulen sin elevkapasitet for komande skuleår innan søknadsfristen.
3. Dersom søkinga er større enn kapasiteten, vil opptak skje etter prinsipp, jmf. friskulelova §3-1. Søknadar sendt inn innan søknadsfristen vert prioritert i denne rekkefølga:
 - a. Søkjar har syskjen ved skulen.
 - b. Søkjar er barn av ein tilsett ved skulen.
 - c. Andre søkjarar får plass i den rekkefølga dei har søkt. Søknadane vert nummerert i den rekkefølga skulen tek imot søknadane.
4. Søknadar som kjem inn etter 1. desember vert handsama etter den rekkefølga dei kjem inn til skulen.
5. For inneverande skuleår vert det ikkje teke inn nye elevar etter påske. Overfor elevar på ungdomsskulen skal det informerast om risiko for å ikkje få vurdering i fag dersom dei startar etter at andre termin er gang.

Elevar som på grunn av flytting uansett må byte skule, vil kunne bli tatt inn som elev uansett tidspunkt, dersom det er ledig kapasitet ved skulen.

6. Vedtaket om inntak, eller avslaget på søknad om inntak, er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova §2. Klage må sendast til skulen innan 3 veker. Klageinstans er Kunnskapsdepartementet ved Fylkesmannen i Rogaland. Vedr. klage, sjå friskolelova §3-1 og forvaltningslova kap. VI.

Vedteke i styret 1.4.2019